



FINNØY KOMMUNE

Næring- miljø og teknikk (NMT-etaten)

Det Kongelige finansdepartement
Postboks 8008 Dep

0030 OSLO

FINANSDEPARTEMENTET

31. DES. 2007

Saksnr.

07 4072-71

Arkivnr.

Dykkar ref.:

Vår ref.: 07/1132-3

Arkiv: K2-P11

Dato: 20.12.2007

INNSPEL TIL PLANLAGT UTGREIING OM BRUK AV AREALAVGIFT I KYSTSONA

Vedlagt er innspel i form av saksutgreiing og vedtak frå Forvaltningsstyret i Finnøy kommune. Forvaltningsstyret er fast planutval og har det meste av kommunal mynde delegert frå kommunestyret innan områder som arealbruk, friluftsliv, havbruk, reiseliv, fiskeri, næringsetablering, naturvern osv. Finnøy kommune er ein viktig havbrukskommune og representativ for kystkommunar der havbruksnæringa har utvikla seg frå lokal tilleggsnæring til lokalitet for store anlegg eigd av internasjonale firma.

De må gjerne ta kontakt med sakshandsamar Astrid Espe, kommuneplanleggjar Tor Brynjar Welander eller underteikna for å utdjupe våre innspel eller for å skaffe betre bakgrunn for dei av Dykk som skal arbeide med dette. Samla sett har me arbeidd med kommunal forvaltning knytt til havbruk i lang tid, og har relativt god fagleg bakgrunn og interesse for saksområdet. Rogaland har ein framifrå kystsonoplan og Finnøy kommune har følgd opp denne med kartlegging av strandsona og ein nyleg vedteken arealdel som dekkar sjøområda og definerer kvar det kan etablerast havbruksverksemd. Sjøområda våre har også vore type-område for havbruk i pilot-prosjekt knytt til innføring av EU-direktivet for vatn (inkl. kystvatn).

Dersom De har behov for synfaring i eit aktivt havbruksområde og ein meir fylldig orientering om korleis lokalisering og arealbrukskonfliktar vert takla lokalt og regionalt, er de med dette hjarteleg velkomne til Finnøy. Rennesøy og Hjelmeland er nabokommunar som også har mange havbruksanlegg. Me kan også formidle kontakt med havbruksnæringa, organisere båtskyss og samordne synfaringa med representantar for nabokommunar og regionale styresmakter (fiskeridirektoratet, fylkesmannen, kystverket, fylkeskommunen) dersom de ynskjer å samrå Dykk med desse.

Lukke til med arbeidet !

Med helsing

May Britt Jensen
Kommunalsjef NMT

Finnøy Kommune
Næring- miljø og teknikk (NMT-etaten)
4160 Finnøy

Tlf.: 51 71 47 00
Dir.: 51714775
Faks: 51714701

Bankgiro: 3347 07 00195
Org.nummer: 938633029
E-post: post@finnøy.kommune.no
Heimeside: www.finnøy.no

Vedlegg: saksutgreiing med vedtak frå Forvaltningsstyret i Finnøy.

Kontaktpersonar i Finnøy kommune:

Astrid Espe, GIS/plan-konsulent, aes@finnoy.kommune.no, tlf 51714775

(ingeniør miljø/havbruk HiS, GIS-relatert mastergrad geografi UiB)

Tor Brynjar Welander, plan og næringskonsulent , tbw@finnoy.kommune.no , tlf 51714721

(mastergrad UiB økonomisk geografi)

May Britt Jensen, kommunalsjef NMT, mbj@finnoy.kommune.no, tlf 51714721

(cand.agric NLH, naturforvaltning/ressursøkonomi)

Vedlegg: Saksutgreiing

FINNØY KOMMUNE

SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Saknr	Sbh
Forvaltningsstyre	19.12.2007	206/07	AES

Saksansvarleg Astrid Espe	Arkiv: K2-P11 Objekt:	Arkivsaknr 07/1132
------------------------------	--------------------------	-----------------------

UTREDNING OM BETALING FOR BRUK AV AREAL I KYSTSONA - INNSPEL

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	15.11.2007	Det Kongelige finansdepartement	UTREDNING OM BETALING FOR BRUK AV AREAL I KYSTSONEN - INNSPILL

Vedlegg: Brev frå Finansdepartementet

Saksutgreiing:

Det er kome inn førespurnad frå Finansdepartementet om at kommunane i Noreg kjem med innspel til ei planlagt utredning om betaling for bruk av areal i kystsona. Utgangspunktet for invitasjon til innspel er problemstillingar knytt til om ein framleis bør stille sjøareal gratis til disposisjon for ulike næringsverksemd i kystnære område.

Prinsipielt legg regjeringa til grunn at kommunane må få tilgang til å krevje inn betaling for bruk av areal i kystsona, noko dei ikkje har høve til i dag. Arbeidsgruppa underlagt Finansdepartementet ber difor om innspel på fakta og synspunkt som kan danne eit best mogleg informasjonsgrunnlag om bruk av areal i kystsona. Det er sjøareal der kommunen har reguleringsmynde som er sentrale.

Utgreiinga kan føre til lovendring, denne vil eventuelt kome på høyring til alle partar, også kommunane. Frå kommunane si side er Finansdepartementet spesielt ute etter informasjon om kommunane har kystsoneplanar å styre etter, korleis kunnskapsgrunnlag og kompetanse knytt til planlegging i kystsona er, og om kommunen opplever interessekonflikt når det gjeld bruk av kystsona, eventuelt om mangel på kystareal er eit problem for vidare utvikling av næringsverksemd i kommunen.

Avgjerdsgrunnlaget kan få stor innverknad på vidare praksis og haldningar i arealforvaltning i sjø. Administrasjonen håpar difor at Finnøy kommune sitt innspel vil bidra til å modne debatten om, og oppfølginga av, ei eventuell lovendring – både lokalt og sentralt.

Administrasjonen si vurdering:

Finnøy kommune har følgjande innspel til Finansdepartementet sitt arbeid med eventuell innføring av lokal arealavgift for bruk av område for sjøretta næring:

Sjøareala er ein ressurs som vi kan og vil bruke til å utvikle kommunen som område og samfunn. Men det er ein ressurs for fleire og blir brukt av ulike aktørar til Havbruk, Båtturisme, Natur- og friluftsområde og Ferdselsområde

Tradisjonelt har kommunal næringsutvikling hatt mål om å legge til rette for utvikling av havbruksnæringa. Det vart difor gjennomført ein kystsoneplanprosess i 2000-2002, der ein identifiserte område med potensiale for akvakultur, og med intensjon om å integrere kystsoneplanen i kommuneplanen som vart vedteken i juni i år. Ei slik tilrettelegging krev arealtilgang, areal frå ein allmenning, og ein har sett at denne typen eksklusiv reservasjon av areal til eitt formål aleine fører til konflikt.

Det siste året har utfordringar spesielt knytt til oppdrettsnæringa sin bruk av areal i sjø vore debattert både i lokal presse og møter blant anna i regi av Fiskeridirektoratet. Finnøy kommune håpar difor at vårt innspel vil vere med å bidra til at avgjerdsgrunnlaget for ei eventuell innføring av arealavgift vert så godt debattert og gjennomtenkt som mogleg. Dersom departementet eller andre i sentrale fora finn det tenleg, kan våre sakshandsamarar kontaktast for vidare diskusjon og detaljering.

Vi vil oppfordre finansdepartementet til å arbeide hardt vidare med å samordne avgifter og regelverk for fiskeri og havbruk generelt og for innføring av arealavgift spesielt. Konfliktområde mellom tradisjonelt fiske og anna næring bør også avdekkast og vurderast – men tradisjonelt fiske legg ikkje i like stor grad beslag på areal slik som havbruksnæringa har gjort.

I følge Plan- og bygningslova (§20-4) er det ikkje heimel til å differensiere mellom ulike formar for akvakultur og tilrådinga over er difor berre retningsgivande, ikkje juridisk bindande. Dette gjer det vanskeleg å lage gode planar å styre etter i sjøområda. Bruk av område til skjelloppdrett opplevast som mindre konfliktfylt enn oppdrett av matfisk i fast anlegg, og at kystsoneplanen vart laga med intensjon om å skilje mellom ulike typar akvakultur i sjø.

Det har vore få ledige område for akvakultur igjen i kommunen, og det kan vere uheldig at ein legg beslag på eit område som i kystsoneplanen er vurdert som betre eigna for skjelloppdrett. Det kan vere større motiv for å tilrettelegge og planlegge i sjøområda på ny dersom kommunen har noko att for det, t.d. at kommunen har høve til å krevje inn eiga kommunal arealavgift.

Det er grunn til å påpeike ei generell bekymring om problematikk knytt til villfisk som får i seg overskot av oppdrettsfôr/næringsstoff frå oppdrettsanlegg i Ryfylke. På eit folkemøte våren 2007 om eventuell lokalisering av eit bestemt oppdrettsanlegg kom ein også inn på behovet kring innføring av ei lokal arealavgift i samband med eksklusiv bruk av eit område til oppdrett.

Konsesjonstildeling var lokalt viktigare før, men den lokale verdiskaping er ikkje lenger så tydeleg. Sysselsetting og skatteinngang er berre delvis lokal. Eventuell innføring av arealavgift må tilfalle vertskommune og eventuelt erstatte statlege gebyr, kan vere eit verkemiddel for større grad av tilrettelegging og heilskapleg bruk av sjønære areal, og oppmuntre kommunar til større satsing på planlegging i sjø. Innføring av lokal arealavgift er eit signal til planlegging på kommunalt nivå at ein ser lokalt at ein får noko att for å tilrettelegge areal.

ADMINISTRASJONEN - FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Forvaltningsstyret i Finnøy stiller seg bak administrasjonen sine vurderingar.

FOR-206/07 VEDTAK 19.12.2007:

Samrøystes som innstillinga.